



Drøfting av samanslåing med Husnes mållag er ein programpost under årsmøtet i Kvinnherad mållag i Gamleskulen tysdag klokka 20. Ein annan post er den tradisjonelle utdelinga av Målblomen som førebels har gått 2 gonger til verksemdar i Uskedalen - Uskedal Trelastlager og Hjørnevåg.

Blomen går til ei verksemd eller ein organisasjon som over tid har synt positiv vilje til å nytta nynorsk i den daglege drifta.

Det vert også vedteke fråsegner utanom dei vanlege årsmøtesakane, og Kvinnherad folkemusikklag skal opptre.

Når det gjeld den lenge planlagde samanslåinga vil den verta drøfta i årsmøta til begge lag. Det vil der verta vald representantar frå begge til ein komite som fører saka vidare fram til realitetshandsaming på eit felles, omframt årsmøte, opplysar leiinga i laga til uskedalen.no

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen